Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Austrheim
Emne: Folkemedisin | Bygdelag.
Oppskr. av: Lærar Anton Solheim | Gard:
(adresse): Solesjöen | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Om emne folkemedisin veit
eg ikkje å ~~skrivå~~ noko om. Det vart nok
brukt mange slags råder i den tid,
men dei gamle som hadde greie
på dette har döydt, so at dette
er gløymt no. Det einaste eg kan
hugsa er koner som hadde iglar.
Desse iglane vart bruka til mange
ting. Dei trudde det var stökna
blod som sette seg fast som
var grunn til sjukdomen og
dette blodet måtte iglane suga
ut. Om våren hende det mange
gonger at folk vart hasa på lip-
pen. Det vil seia at lippa sprakk
Då fann desse konene ut at det var
stökna blod i lippa og så sette dei
iglen på. Han saug ut blod til
han vart mett. Då datt han
av sjölv. Etterpå hadde dei han
i vatn att. Desse iglane kjöpte dei
på apotek i Bergen. og oppevara dei
på glas. Kvar dag skifte dei nytt
vatn på iglane.
Ein annan ting var at dei tok

16517

dei blod som dei kalla. d.v.s. kopping
Eg veit om ein gamal mann
i bygda som dreiv med dette. Det
var helst når ein hadde vondt i
ryggen eller hoftene og hadde
vondt for å bøya seg at dei ~~sat~~
sende bod etter koppemannen.
Det var også det ureine blodet
som måtte ut. Det var også
tekne blod når folk hadde lunge
betendelse.
Av medisiner av urter eller plantar
veit eg berre om kjeringrokk som
vart bruka til medisin. Kjerring-
rokken tok ein når han stod på det
finaste. Då vart han turka.
Den medisinen vart ikkje smurd
utanpå, men vart drukken.

16517